



NSG
Norsk sau og Geit

Referat

Årsmøte "Sogn og Fjordane Sau og Geit" 2023

Tidspunkt: 24. – 25. Februar 2023

Stad: Thon Skei Hotell, Jølster

Tal møtte med røystrett: 42 deltakarar

Representantar frå lokallag : Lokallag representert med stemmerett Røysteføre 36

Representantar frå styret : 6

Innleiarar: Ketil Trongmo, styremedlem i NSG

Gjester/Andre:

ÅRSMØTEREFERAT

Opning ved leiar Ragnhild Sæle som ønska velkommen.

Ketil Trongmo - Styremedlem i NSG

Snakka om organiseringa og satsingsområda til NSG.
Medlemstalet i dag er på 9639.

7 sentrale råd

- Avlsrådet
- Fagråd geit
- Utmarksråd
- Gjeterhundråd
- Ull og klipperåd
- Team ung i NSG (nytt i 2019)
- Markedsrådet (nytt i 2020)

Ketil snakka særskilt om kampen om utmarksressursane, konflikter mellom brukergroppene, interessegrupper som vil bygge ut. Snakka om utfordringar med hund, skader og drap av sau.

SAKLISTE:

- 1) Namneopprop. 42 stemmeberettiga.
- 2) Godkjenne innkalling, sakliste og forretningsorden. Godkjent.
- 3) Velje 2 representantar saman med møteleiaren til å skrive under møteprotokollen.
Møteleiar: **Geir Ole Ervik**
2 til å skrive under møteprotokoll: **Lars Nesse og Kjell Olav Kusslid** .

Teljekorps : Jan Helge Hjelmeland og Even Hov

Leiaren sin tale: Ragnhild Sæle las opp talen.

- Kjell Olav Kusslid stilte spørsmål om dyrevelferdsbesøk sau, og at veterinæren også er innom fjøset fleire gonger i året. Kjell Olav stilte spørsmål om det er riktig at lam som vert slakta etter 1.mars, får fullt tilskott på linje med sau. Er dette rett
- Vidar Heggheim stilt spørsmål om kven som styrer denne velferdsgruppa , er oppteken at det ikkje er aktivistra som skal sitte å styre næringa
- Ragnhild orienterte om kven som sit i styringsgruppa og at det er bedt om tilskot til dekke ein del av besøkskostnader.

4) Handsame årsmelding frå styret for 2022

Solgun Haugen las opp.

Johannes Gunvordal: Etterspør kven i frå styret som jobbar spesielt for rovdyr. Ragnhild kommenterte at det er Ragnhild og Solgun som har med dette å gjære. Det siste året har det vore ganske stilt.

Lars Nesse kommenterte at det må haldast fokus på rovdyr sjølv om det er stilt. Er også forundra over at det ikkje er Gaupejakt i Vestland. Det er også lite informasjon frå fylkesmannen og SNO

Sigbjørn Skjerdal kommenterte at ein har hatt litt kontakt på rovdyr med SNO og rovdyrkontakt i Sogn.

Jon Nummedal rosa fylkeslaget for god prosess med innspel til Jordbruksforhandlingane.

Kjell Olav Kusslid gav ros for haustsaminga, med fokus på dyrevelferdprogram og Jon Nummedals innspel om produksjonkrav i sauennæringa.

Dagmar Falkenstein – saknar meir aktivitet på lågterskel i lokallaga. Foring, klyppekurs på bukk for dei som har lite sauer

Rune Myklebust gjev ros til fylkestyret for arbeid med Jordbruksforhandlingane. Kommenterte også avtale som ein tidlegare gjekk inn med grunneigarane i høve Gaupejakt . Og om det er behov for fornyelse av denne.

Tom Idar kommenterte at ein har prøvd med fleire aktivitetar i Sogn, men vanskeleg samle mykje folk. Betre effekt å ha ein aktivitet som fleire lokallag samarbeider om.

Daniel Dalsbø frå Ytre Stad, snakke om å verve medlemmer. Har hatt fokus på medlemsfordeler å være medlem i NSG for å få fleire medlemmer.

Årsmeldinga vart samrøstes godkjent

Årsmelding frå avlsutvalet i Sogn og Fjordane:

Tom Idar Kvam gjekk gjennom

Jon Nummedal, Viktig med avlsarbeidet. Stor forskjell på ein god og ein dårleg vær.

Tom Idar - Foredraget til Morten Monkeby på Lam 2023 ligg på Nortura si side.

Dagmar Falkenstein - Kor skal ein henvende seg for å bli kåringsdommar TIK ta kontakt med avlsutvalet.

Dagmar Falkenstein – Ynskjer at reglane vert lempligare med kåring og omsetning av værer. TIK, vi skal være glad for at det er litt strengt, Det viser seg at gamal Mædi smitte dukkar opp att.

Lars Nesse, ynskjer ein arena som kan formidle salg av værer, synd at mykje værer vert slakta fordi det er lits sal.

Lars Nesse kommenterer at Gentestinga om våren kostar grådig mykje. Berre nokre få held mål. TIK seier at dei som skal sende inn prøver må syte for prøver tidleg

Johannes Gunvordal, gjev ros til avlsutvalet, og om ein kan få lagt ut felles kva som ligg ute for salg av værer.

Øystein Holsen, Meiner kåringsavgifta er blitt i høgste laget. TIK forklarte at kåring kostar

Henrik Veiesund, vi støttar værhold gjennom lokallaget. TIK, det gjer vi på avkomsgranka værer i Luster.

Vidar Heggheim er bekymra for forgubbing av dei som er med i ringarbeid. TIK seier at det er mange store unge bønder som sluttar då det er mykje arbeid med ringarbeid og registreringar.

Henrik Aabrekk, driv bruksbesetning og kjøper granska eller kåra værer. Indeksane dette i hytt å pine, sjølv om det gjev gode slakt. TIK seier at det er nye folk i avlsrådet og at det skal bli meir interessant å drive med avl.

Vidar Heggheim seier vi slit med å få dei unge med.
Lars Nesse meiner at eit værholdslag også kan drive godt.

Årsmelding frå avlsutvalet godkjent

Årsmeldinga for geitegruppa:

Jo Risløv gjekk gjennom denne.

Rune Myklebust er bekymra for midlar til avlsarbeid både på geit og sau. Sjølv om det har vore eit roleg år nå, er det sikkert noko som kan bli betre.

Jo kommenterte at det har vore tenkt på eit kurs som går på jur og spenar på geit.

Årsmelding for Geitegruppa vart godkjent

Årsmelding frå gjetarhundnemnda:

Roger Løvik gjekk gjennom denne.

Kjell Olav Kusslid, lurar litt på korleis ein gjer det med forsikring . Dette vert ei avveing for om du vil sette av pengar sjølv eller vil forsikre.

Løvik kommenterer at dei som lurar på Gjetarhund eller trening av Gjetarhund så ta kontakt.

Årsmeldinga godkjent

5) Handsame rekneskap og revisjonsmelding for 2022. Årets resultat : kr 15 035,-

Rekneskapen er revidert og godkjent.

6) Handsame arbeidsplan for 2023

- Styremøte etter behov
- Sende ut medlemsinformasjon
- Arrangere nettmøte med lokallaga
- Medlemsverving
- Vidareføre Apotekavtala
- Geitehelg /fagdag geit
- Haustsamling (Samling for lokallaga)
- Jordbrukstingingane
- Planlegge tur for 2023
- Kurs i kadaverhund
- Oppfylging av beitebruksplaner
- Kurs i saueløysing
- Besøk på slaktehuset i Førde
- Kontaktutval rovdyr
- Avlsmøte
- Kåring av verlam
- Fokus på Norsk ull
- Verve engasjere unge medlemmer
- Eksterior /Jurdommingskurs (geit/bukk)

7) Innkomne saker. Ingen innkomne saker.

8 Val etter vedtektene.

Val av styre for 2023 - Sogn og Fjordane Sau og Geit

(Valnemnd: Rolf Borlaug, Oppedal, Per Ravndal, Førde, Matias Magne Sølvberg, Stryn)

Styre

Ragnhild Sæle, Jølster, leiar	Attval for 1 år 42 stemmer
Erlend Brede Fossen, Viksdalen, Nestleiar	ikkje på val valgt 41/1 bl som nestl
Anne Inger Moen, Eid	Attval for 2 år 42 stemmer
Solgun Haugen, Lærdal	Attval for 2 år 42 stemmer
Jo Risløv, Vik i Sogn	ikkje på val

Varamedlemmar

1. Ole Bjarne Hovland, Årdal	Ny for 1 år
2. Margrethe Garlid, Stryn	Attval for 1 år
3. Per Kristian Eide, Sandane	Attval for 1 år

Revisorar

Ove Årdal, Jølster	Attval for 1 år
Inge Erikstad, Jølster	Attval for 1 år

Vara for revisorar

Inge Årdal, Jølster	Attval for 1 år
Jon Helge Sandal, Jølster	Attval for 1 år

Møteleiar 2024

Geir Ole Ervik, Selje	Attval for 1 år
-----------------------	-----------------

Vara for møteleiar 2024

Erling Offerdal, Årdal	Attval for 1 år
------------------------	-----------------

Utsendingar til landsmøte 2023 i NSG

Ragnhild Sæle har direkte møteplass pga sentrale verv ho har.

Utsendingar

Anne Inger Moen, Eid
Solgun Haugen, Lærdal
Erlend Brede Fossen, Viksdalen
Jo Risløv, Vik

Varautsendingar

1. Tom Idar Kvam, Hafslo
2. Gunn Sande, Selje
3. Henrik Veiesund, Askvoll
4. Vidar Sandal, Breim
5. Jon Nummedal, Vik
6. Jørn Arne Vanberg,

Framlegg til nye godtgjersler:

Godtgjersle til leiar	20000 kr
Godtgjersle til styremedlemmer	5000 kr
Godtgjersle til sekretær	15000 kr
Møtegodtgjersle møte > 4imar	1400 kr
Møter opp til 4 timar	400 kr

NB ! Godtgjersle til styremedlemmer på kr 5000,- er til medlemmer som ikkje har anna godtgjersle

Køyregodtgjersle føl den skattefrie satsen på kr 3,50/km og 1,- /km i passasjergodtgjersle

Velje medlem til valnemnda for 2024
Per Ravndal, Førde, leiar
Matias Magne Sølvberg
Hilde Kristin Valland

Vara til Valnemnda: Sigurd Vikesland og Ingunn Reme

9) Handsame og vedta budsjett for 2023

Budsjettet er teke til etterretning



Johannes Nedrebø
Referent



Geir Ole Ervik
Møteleiar



Lars Nesse
Sign



Kjell Olav Kusslid
Sign